# Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid

## - søknadsskjema

Send skjema til Hordaland fylkesarkiv, P.B. 7900, 5020 Bergen, eller fylkesarkivet@hfk.no innan **15. mai 2016.**

Kontaktperson: Anne Aune, anne.aune@hfk.no, 55239956

| **1. Søkjar** | | |
|---|---|---|
| **Namn på søkjar:** | Fjell Kulturminnelag | |
| **Organisasjons-nr:** | 999093159 | |
| **Kontaktperson:** | Ove Midttun | |
| **Adresse:** | Fjell kulturminnelag, Pb. 91, 5341 Straume | |
| **Telefon:** | 47614536 | **E-post:** ovemidt@outlook.com |
| **Skattekommune:** | 1246 Fjell kommune | |
| **Medlemstal:** | 50 | |

| **2. Søknad** | | | |
|---|---|---|---|
| **Totalbudsjett:** | 30000 | **Søknadssum: 30.000** | |
| **Tidsskrift/publikasjonar:** | | | |

**Skisse for prosjektet:**

**Kulturminneregistrering av vasskraftindustrien i Midtmarka på Store-Sotra.**
**Fjell kulturminnelag, ved Arkeologistudent Jann Sverre Rauø, ønskjer å registrere alle kjende vasskraftminner i Midtmarka i tidsrommet 20. juni-31. august 2016.**

**Bakgrunnen for registreringa, er det pågåande arbeidet med ny kulturminneplan i Fjell kommune, planane knytt til Sotrasambandet, og det store presset på desse kulturminna.**

**Fjell kommune, ved Kultursjefen, vil bistå kulturminnelaget og Rauø. Dette gjeld særskilt i høve lokalitetane og den formelle registreringa. Rauø vil bli følgd opp av kontaktperson ved Fjell kulturminnelag og Kultursjefen i Fjell. Kulturminna som blir registrert vil bli lagt inn i Riksantikvaren sin database Kulturminnesøk, som ligg på nettet. Såleis vil kulturminna bli synleggjort for folk flest.**

**Resultatet vil inngå i og bli ein viktig del av kulturminneplanen i Fjell kommune.**

**Mål og framdriftsplan for prosjektet:**

**Mål: Formell registrering av vasskraftminner i Midtmarka**

**Framdriftsplan:**
**20. - 22. juni: Førebuing til feltarbeid**
**23. juni - 10. august: Registreringar i felt**
**11. august - 31. august: Etterarbeid med rapportskriving og innlegging av data i Kulturminnesøk**

**Koordineringsmøte**

**3. Sammendrag av prosjektet (minimum 10 linjer):**

Kulturminna frå vassindustrien i Midtmarka er svert utsett, grunna industri og vegutbygging. Fjell kulturminnelag ynsjer å ha ei systematisk registrering av desse kulturminna, slik at denne viktige delen av vår lokalhistorie blir løfta fram og synleggjort for folk flest. Arkeologistudent Jann, og medlem i Fjell kulturminnelag, Sverre Rauø vil bli hyra inn til å gjere dette arbeidet, som er estimert til 53 dagsverk med for- og etterarbeid. Dei omsøkte midlane på kr 30.000 vil gå til å lønne Rauø. Frivillige frå Fjell kulturminnelag samt tilsette hos Kultursjefen i Fjell, vil også delta i registreringsarbeidet til tider. Fjell kommune vil hjelpe til med praktiske tiltak, som utlån av fotoapparat og gps, utskrift av kart og eigen kontorplass for Rauø m.m. Fjell kommune vil også dekke andre, eventuelle utgifter i prosjektet.

Prosjektet skal konkret resultere i at data blir lagt inn i databasen Kulturminnesøk og synleggjort i Fjell kommune sin kulturminneplan, som er under arbeid. I neste fase har Fjell kulturminnelag som mål at kulturminna i Midtmarka skal bli tilgjengeleggjort gjennom skilting og mobilapplikasjonar for dei som ferdast i området.

*Søkjarar som får innvilga tilskot, skal levere rapport for prosjektet innan 31.12.2016.*